

Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Lauparen, Ørskog rådhus

Dato: 28.11.2017

Tid: 08.30-14.00

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland (deler av møtet)	Skodje
Kjell Sindre Johansen (deler av møtet)	Haram
Bjørn Skulstad (deler av møtet)	Ålesund
David Chris Mertsching (deler av møtet)	Ålesund (TV)
Kim A. Breivik	Sandøy
Jan Ove Longvastøl (deler av møtet)	Ørskog
Svein Johansen (deler av møtet)	Ålesund
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog

Agenda for møtet:

8.30-9.45 - oppsummering av arbeidsmøte om VA-Norm, drøfting og beslutning om vidare arbeid, deltakere obs.


10-11.45 - Prosjektplan - vi skal i følge mandatet ha ein framdriftsplan/prosjektplan.

11.45-12.30 - Lunsj

12.30 - 14.00 - Opplæring i prosjektveiviseren v. Ekommune, via Skype.

I tillegg må vi gå gjennom status for kartlegging.

Referat:



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

David informerte om at det i fellesmøte med tillitsvalde var informert om at det kan bli omstrukturering av delprosjekta, der A9 saman med dei andre tekniske fagområda kan hamne i det som blir den nye "tenestegruppa". Fellesnemnda skal ta stilling til dette i møte i januar.

1. VA-Norm.

Arbeidsmøtet for revidering av Va-Norm vart drøfta. Va-Norm må vedtakast når arbeidet er fullført før ferien 2018. Her bør vi ha ei felles saksutgreiing som vert vedtatt i av kvart kommunestyre, og truleg også fellesnemnda. Der kan ein ta in vedtakspunkt om at denne norma skal gjelde for Nye Ålesund frå 1.1.2020. Utgiftene til revisjonsarbeidet dekkast av kvar kommune. Det er gitt eitt overslag på kostnadane. I det vidare arbeidet må vi avgrense ressursbruken. Det er semje om at ein representant frå kvar kommune deltek i det vidare arbeidet, og på gjennom det blir det organisert som ei undergruppe til A9. Denne gruppa består av fagpersonar (Va-Ansvarleg). Neste møte er oppsett til 30. januar. Til det vidare arbeidet blir desse utpeika til å delta:


Skodje:		Magnar		Kvalvik
Haram:	Kjell		Sindre	Johansen
Ørskog:	Jan		Ove	Longvastøl
Sandøy:	Gerhard		S.	Fitje
Ålesund:		Svein		Johansen

Svein Johansen vert vidare utpeika til å leie denne gruppa, og får ansvar for rapportering til A9, samt organisere ein intern gjennomgang før neste arbeidsmøte 30. Januar. Kim ber it om at desse får tilgang til prosjektverktøyet.

Det er nokre punkt i norma som er uråd å samordne med alle dei andre kommunane, og nokre punkt som også truleg er uråd å samordne i Nye Ålesund. Der dette vert tilfelle må ein kunne ta inn bestemmelsar som er ulik frå dei andre kommunane. Der vi i Nye Ålesund ikkje er i stand til å samordne oss må vi avklare med prosjektleiar om fellesnemnda skal stilling til desse spørsmåla, basert på tilråding frå A9. Det kan vere store økonomiske konsekvensar av dei ulike vala, og det ligg utanfor vårt mandat å avgjere. Det er fleire måtar å løyse dette på, anten ved at ein skilde delar av nye Ålesund har ulike bestemmelsar (slik det vert for arealdel til kommuneplan i den første fasen etter 2020), eller at ein frå ein gitt dato endrar praksis.

2. Prosjektplan.

Mandatet vart gjennomgådd og drøfta. Det er heilt klart at med dei ressursane vi har pr. i dag, kjem vi ikkje til å kunne levere det som er tatt inn i mandatet til den tidsfristen vi har. Dette må innarbeidast i vår ROS-Analyse. Prosjektkoordinator har på spørsmål om midlar til innleie av konsulent svart følgande:



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

I prosjektbudsjettet er det sekkepostar, og de er nemnde i kap. 3.6., men ikkje spesifisert (<http://innsyn.nyealesund.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2017000217&dokid=1325398&versjon=1&variant=P&>). Når prosjektleiar er tiltrådt etter nyttår, vil ho måtte ta stilling til søknaden. Då er budsjettet vedteke og ho har fått delegert mynde.

Delprosjektet vårt treng også ei avklaring om moglegheita til å bruke midlar frå dagens sjølvkostbudsjett til prosjektarbeidet. Kim undersøker dette med økonomi.

Under punkt 3.6 er det også omtalt frikjøp, men dette er ikkje avklart. Å gjennomføre dette delprosjektet utan frikjøp, er ut frå føregåande avsnitt ikkje muleg, basert på det vi har gjennomført no på eitt halvt år, sett opp mot oppgåver og tida som er igjen. Ei løysing kan vere at dei som skal leie denne tenesten frå 2020 vert tilsett snarast og får arbeide med delprosjektet. Ut frå det vi veit i dag, vil ikkje den administrative organiseringa vere avklart før til sommaren 2018, og ut frå den progresjonen ein då vel for å besette dei ulike stillingane er det lite truleg at denne ressursen kan gjere arbeid i dette i 2018.

Slik prosjektet til no er organisert er det nokre fagområde/delprosjekt som har fått dedikerte ressursar til å arbeide med prosjektet, dette gir store ulikheter og ujamn framdrift. Dette er innanfor einskilde områder naudsynt, men det kan føre til misnøye i resten av prosjektorganisasjonen.


Vårt delprosjekt skal ut frå mandatet foreslå organisering av tenestene i den nye kommunen, men om vi skal begynne å arbeide med forslag til organisering før den overordna strukturen er avklart, må vi begynne i andre enden, og foreslå organisasjon for drift, utbygging og planlegging. Den øvste leiinga av tenestene er mindre viktig i dette arbeidet.

Vi opplever at det i våre eksisterande organisasjonar er stor usikkerheit omkring reformarbeidet og kva konsekvensar dette vil få den einskilde. Slik sett hastar det å avklare dette. Det opplevast som at det er større usikkerheit i teknisk sektor enn dei andre einingane. Dette må takst på alvor for å unngå at våre tilsette søker seg vekk før 2020.

I utgreiing om lokalisering må vi vise kva effekt, synergjar og gevinstar det kan gi å organisere tenesta på ein Anna måte, samlokalisere og om vi ser verdiar ved å samlokalisere tenesta saman med andre tenesteområde innanfor for teknisk sektor, som til dømes veg.

Ulike måter å organisere dette på, som bestiller/utfører-modell, driftsenheter, byingeniør egen planavdeling osv, var drøfta utan at det vart trekt konklusjonar på dette tidspunktet. Skal ein ha mulegheit til å kunne svare på mandatets bestilling om nyskaping og innovative løysingar må vi tørre å utfordre dei etablerte strukturane, der fokuset må vere å finne dei fagleg beste løysingane. Her må også dei tilsette, kva materiell, bygningar og framtidige behov vere del av vurderinga. Dagens einingar er samansett på monge ulike måtar, og om ingen av desse viser seg å vere beste praksis for framtida, må vårt oppdrag vere å foreslå neste praksis.

Ulike oppgåver til prosjektplanen vart drøfta og tidfesta. Dei fleste er henta frå mandatet. Morten og Kim la desse inn i Prosjektportalen etter møtet, ber om at alle går gjennom dette, så tek vi ein runde med tilbakemelding og evt justering i neste møte.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

3. Opplæring i prosjektverktøyet. Øivind Hagen gikk gjennom dei mest sentrale funksjonane i prosjektverktøyet via Skype. Øivind la inn eitt dokument med tittel "tips og triks" i mappa for eigne malar til A9, der det er gitt svar på spørsmåla vi hadde.
4. Kartlegginga. Det er ikkje alle som er ferdige med dette. Det er avtalt at dette skal vere fullført før neste møte, og lasta opp i dei respektive mappene for kvar kommune under kartlegging.

Neste møte: 19. Desember, kl. 8-13 i Ålesund Rådhus. (Bjørn/David finn møterom og bestiller lunsj). Agenda for dette møtet vert gjennomgang av prosjektplan, kartlegginga og oppstart av arbeid med framlegg til organisering av tenesta.

NB. Møtet som er oppsett 17. Januar må flyttast då hovudprosjektet har planlagd ei felles leiarsamling for alle leiarar i Nye Ålesund. Det kjem forslag til ny dato via outlook.

Kim A. Breivik, ref.